



Post i butikk er ei god ordning, skriv Torfinn Myklebust.

Postutleveringa frå Husnes til postboksane på butikkane i Uskedalen og Rosendal om føremiddagen vert sendt til Rosendal først, så til Uskedalen på tilbaketuren

I Rosendal skal posten vera kl. 9.30, medan 10.15 er tida i Uskedalen.
Det får eg opplyst hos Postens service i Haugesund.
Det er geografisk unaturleg.

Kvifor må det vera slik? spør enkelte uskedelingar med postboks. Kor mange minuttane taper posten til rosendingane og rådmannsfolka med ein kort stopp i Uskedalen først?!

Utan å få noko klart svar, vert det antyda frå Haugesund at kommuneadministrasjonen er i Rosendal, og dertil må posten

koma så tidleg som mogeleg.

Ja-ja, så kjapt som det ofte vert sendt ut svar på brev derifrå, så må saktens rådhuset få posten så tidleg som mogeleg!! Uskedelingane bør finna seg i å venta!!!!

Og når det gjeld utleveringa av post, har det i alle fall ikkje gått framover med Postvesenet. For nokre år sidan kunne vi henta lokalavisene klokka halv åtte om morgonen. då var dei i postboksen!!

Elles er det å seia at det er ei god ordning og service med Post i butikk i Uskedalen!!

Torfinn Myklebust